

Arbeidsprogram for Studenttinget i Volda 2017-2018

Vedteke av Studenttinget 19. april 2017

Organisatorisk:

1. Sørgje for at ein kvar student ved HVO har kjennskap til Studenttinget og våre arbeidsoppgåver.
2. Aktivt informere om STiV, vårt arbeid og våre aktivitetar gjennom studentar og sosiale medium.
3. Satse på digital marknadsføring av organisasjonen og minske fysisk marknadsføring.
4. Gjennomføre informasjonsrunder i alle nye klasser, og stå på stand ved studiestart.
5. Så langt det er mogleg, arkivere og dokumentere alt av arbeid som vert gjort.
6. Arbeide for auka deltaking ved vala på HVO, og for at dei skal bli gjennomført elektronisk.

Samarbeid:

1. Fylgje opp StudiebygdA-forumet som ein del av vårt partnerskap.
2. Fortsette samarbeidet i UH-Nett Vest og studentrådet til UH-Nett Vest.
3. Ha faste møter med leiinga ved HVO og SiVolda.
4. Betre samarbeidet med studentrepresentantane i Høgskulestyret og SiVolda-styret.
5. Arbeide aktivt opp mot studentrepresentantane i SiVolda-styret i arbeidet med SiVolda sin strategiplan.
6. Fortsette samarbeidet med Kultur næringsshagen.

Studentvelferd:

1. Arbeide for likestilling blant alle studentar, uansett avdeling eller behov.
2. Arbeide for eit inkluderande og universelt studiemiljø.
3. Arbeide for fritak frå undervisning for å engasjere seg i studentdemokratiet.
4. Jobbe for eit betre velferdstilbod for studentar på HVO og at studentane veit om det gjeldande tilbodet.
5. Arbeide for at studenthelse blir løfta fram som eit viktig tema på HVO og at psykiske sjukdomar blir likestilt med andre former for sjukdomar.
6. Halde kurs og konferansar som er av relevans for studentar ved HVO.
7. Dele ut studentprisen ved studiestart.
8. Sørgje for eit godt samarbeid med Faddervekestyret, og arbeide for at Fadderveka skal vere noko for alle studentar.
9. Jobbe for å styrkje samarbeidet mellom STiV, HVO, SiVolda og lag- og organisasjonar.
10. Arbeide for tilrettelegging av behov alle lag- og organisasjonar måtte ha.
11. Arbeide for at tilsette ser studentmiljøet og det som skjer etter ordinær undervisningstid som ein del av studietida.
12. Styrke og aktivt hjelpe Læringsmiljøutvalet i deira arbeid for studentane.
13. Arbeide for at biblioteket utvidar sine opningstider og at studentane får moglegheit til å bruke eit døgnopne bibliotek.
14. Arbeide for at det vert skapt fleire møteplassar for studentane på campus, også etter ordinær undervisningstid.

Forsking:

1. Være oppdatert på den forskinga som HVO gjennomfører.
2. Arbeide for at HVO viser fram forskingsprosjekt der studentar har vore deltakande.
3. Arbeide for at informasjon om forskingsprosjekt o.l. blir spreidd til alle studentar.
4. Arbeide for at alle studentar får moglegheita til å delta på relevante forskingsprosjekt.

Studiekvalitet og studieprogram:

1. Jobbe aktivt ovanfor studentar og administrasjon med å auke kunnskapen og engasjementet rundt dei tillitsvalde si betydning og deira arbeidsoppgåver.
2. Arbeide med Studiebarometeret, sikre høg deltaking og sikre at resultatet blir integrert i heile HVO.
3. Arbeide for digitalisering av utdanning.
4. Arbeide for at bruksrom som undervisningsrom blir døgnopne og tilgjengelege for studentar.
5. Arbeide for at HVO opprettar ei mentorordning for alle studentar, allereie frå studiestart 1. året i studietida. Denne ordninga skal også kunne brukast som ei form for vegleiing til det studenten måtte ha behov for.
6. Arbeide for at praksisperiodar for alle studentar blir fylgde opp, evaluert og utvikla.
7. Arbeide for at alle studieprogram gir klar informasjon til sine studentar i god tid. Dette vil gjelde alt av relevant informasjon studenten har behov for i sitt studieløp.
8. Arbeide for at avdelingane har klare roller mellom sine tilsette og studentane, og at dette er noko begge partar er opplyste om.
9. Arbeide for varierte eksamensformer tilpassa føremålet med det aktuelle studiet.
10. Arbeide for at alle studentar skal motta automatisk sensur på eksamen.
11. Arbeide for at alle emner og studieprogram blir evaluert og at resultatet blir brukt i vidare utvikling av emne og studieprogram.
12. Arbeide for at studentar ikkje skal betale eigenandel på studieturar, og at dei studentane som ikkje har høve til å delta får eit godt og kvalitetssikra alternativ til studietur.

Entreprenørskap og Innovasjon:

1. Sørge for auka interesse for entreprenørskap og betre kontakt og samarbeid mellom studentar og HVO med næringslivet i regionen.
2. Arbeide for at HVO opprettar ein bachelor- og masterhub.
4. Arbeide for at bruk av entreprenørskap og innovasjon skal minske gapet mellom utdanning og arbeidsliv.
5. Sikre at HVO arbeider for god arbeidslivsrelevans i alle studieprogram.
6. Støtte opp under opprettinga av Volda Kunnskapspark på campus, der det vil være relevant.

Internasjonalisering:

1. Dele ut pris for internasjonalisering kvart år.
2. Fortsette samarbeidet med Pangaia for å betre integreringa mellom norske og internasjonale studentar.
3. Arrangere Buddyweek saman med Pangaia i januar kvart år.
4. Arbeide for at Fadderveka skal integrere internasjonale studentar med norske studentar.
5. Arbeide for at lag- og organisasjonar ved HVO skal leggje til rette for internasjonal aktivitet.
6. Arbeide for informasjonsspreiing om Internasjonalt kontor, deira rolle og utvekslingstilbod for norske studentar.
7. Arbeide for at det skal blir oppretta nye samarbeidsavtalar med fleire universitet og høgskular i heile verda.
8. Arbeide for at studentar skal kunne reise på utveksling utanfor faste rammer og avtalar.
9. Arbeide for at alle som ønskjer å ta praksis i utlandet skal få høve til dette.

Miljø:

1. Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøvenlege tiltak og opprettar tydelege miljøordningar på heile campus.
2. Arbeide for at miljø blir eit prioritert område under læringsmiljø og i læringsmiljøutvalet.